Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 68 | Fylke: Hordaland
Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Austrheim
Emne: Bålbrenning på vissi dagar i året. | Bygdelag:
Oppskr. av: Anton Solheim | Gard: Synnevåg
(adresse): Synnevåg | G.nr. | Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Namn.

Namne på bål i vår bygd heiter å brenna bål eller å brenna såte. Brenne me jonsokbål – syftesokbål eller Olsokbål seier me å brenna jonsok såta, også jonsokbål. Det same seier me om syftesok og olsok. Med mindre bål seier me som regel fyr eller flamme. Ei bålet stort seier me helst såte til merke på at det er eit stort bål.

Tida

Bål til julehelga sanka saman av serskild ved er det ingen som hugsar noko til. Heller ikkje hugsar folk at dei brende bål i julehelga eller påskehelga.

a. Jonsok-kvelden.
b. Pinse-aftan.
c. Syftesok-kvelden.
d. Olsok-kvelden.

Alle gamle folk hugsa at dei brende

14100

bål i marka första kvelden krötera låg ute. Dette kalte dei å daura Bålet vart laga av eine og lyng og så vart krötera jaga inn i røyken. Elles var det ikkje andre dagar dei brende bål åt krötera. Det bålet som dei brende åt krötera vart brend om kvelden. Det vart gjort medan dei var å mjølka om kvelden. og det var helst ungane som laga bålet til, så det vart ferdigt til mora eller tenestgjenta var ferdig med mjølkinga.

I vår bygd vart det brend bål både jonsokaftan, syftisok- og Olokk. Disse vart brende seint om kvelden og skulle brenna så lenge som mogeleg. og der som bålet var stort, brann det til ut på morgonen.

Staden

Frå gamald tid har me alltid brendt bålet på same staden. Det var på den høgste haugen på garden som heite Åsen og derfrå var vidt utsyn over sjø og land og derfrå kunne ein sjå andre bål i milevis ut og innover Med å brenna på kvar gard. så meiner her på vore kantar alle dei som bur på garden. Det kan t. d. vera mellom ti - tolv hus mein eller mindre enn det. Dette vert kalla ein gard. Og det var alle som budde på denne garden var med å laga

14100

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

bålet og brende det.

Bål ved grinder eller kveer har ikkje vore bruka her, det folk kan minnast no.

Dei som steller med bålet og tenner det.

Før i tida var alle på garden med og brende bålet. Det var ikkje berre visse grupper. Både gjenter og gifte kvinner fekk vera med. No er det helst ungdomane og borna som driv med og brenner. Det er sjeldan foreiningar og ungdomslag lagar serskilde bål. Fabrikkarbeidarar eller slike lagar heller ikkje serskilde bål til arbeidarane sine. Skal dei ha fest om kvelden går dei til båla som er tillaga

Korleis dei bygde bålet.

Båla her i bygda vart laga mest av röter som ligg i myrane etter den tid det var skog. Först reiv ein opp rötene så dei fekk tyrka ei stund og så vart dei borne opp på haugen. Der låg dei ogsö og turka. Så fann ein ein stor stokk som ein sette opp. og rundt om det la ein lag på lag med röter oppetter, så ein fekk stor haug eller såta, og utan på det hadde ein lyng og eine. Stundom fekk ein tak i tjöretunner og dei sette ein oppe på toppen. Så det skulle loga rikelg godt

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
14100

Gamle tjörebredde båtar vor og mykje bruka, men det vor ikkje kvart år at ein fekk ein båt. Det kunne gå mange år millom kvar gong.
Figurar i menneskeskapnad t.d. jonsok-kall og sytkeork kjerring eller krossar vort ikkje bruka.

Korleis dei fekk bålvyrke.

Dei gamle båtane som ein brende vort ikkje kjøpte, men dei fekk ein, men tjøretynnene vort kjøpte.
Alle ungane og ungdomane på garden ~~og dei~~ vor med og laga bålet, og dei tok det dei fann i utmarka, same kven det var hjå. Dei stal ogso gamle ting som låg og slong.

Korleis bålet skulle vera.

Dei båla som vort brende vor ikkje alle like store.
Jonsokbålet vor alltid störst.
Det bygde ein på i mange veker.
Det ~~vei~~ var skam om ein ikkje hadde stort jonsokbål. Det vor kapping millom gardane om å ha stort jonsokbål
Syftisokbålet vor litt og det var helst brunnane av jonsokbålet som vort sette opp att og

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

14100

brende den kvolden. Olsokbålet var heller ikkje så stort som jonsokbålet, og var ikkje til alle tider at det vart brend.
Bålet skulle brenna med mest mogleg stor flamme og lysa mest mogleg. Vaå bålet åt og tala hadde ein parafin og turt lyng og eine som ein kasta oppå og så lyste det opp att. For å få det til å spruta så slo ein i det med ei lang stang.

Kva bålet skulle tena til?

Det er vel ikkje mange no som har nokon tanke om kva bålet skulle tena til, men det å brenna bål var ein skikk i frå gamal tid så folk hadde gått så mangt. Bålet var vel for dei fleste å ha moro på midtsumarskvolden. Så eg har ikkje høyrt om at folk tok noko varsel av noko.

Sjølve festen ved bålet.

Festen ved bålet vart kalla jonsokmoro eller jonsokleik. Etter som folk kan hugsa og eg sjølv kan hugsa, så var mest alle med når ein brende bålet, både dei gamle, ungdomen og borna. Berre dei som ikkje var god til å gå så langt

14100
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

sat heime i stova eller utanfor huset sitt og såg på. Det var mest ingen som la seg om kvelden før dei såg bålet brann ut.

Etter bålet var brendt ned gjekk dei som var litt eldre heimatt, men ungdomen og yngre ektefolk var med på moroa etterpå. Då var det dans og leik på ein voll attmed bålet, eller på ein låve etter som det høvde. Og det leid langt utpå før dei gjekk heim.

Det hende nok sume tider at det vart nytta alkohol, men mer sjeldan her på desse kantar. Elles var det berre borna som hadde mat med seg.

Det hende mange gonger at det vart hoppa over bålet, men det var mest borna og halvstaringane. Dei sprang også gjennom røyken

Elles var det skikk at ein skulle kola seg av brandane så ein vart svarte som negrar. Men at dei tok kol frå bålet og gøymde har eg ikkje høyrt

Skikkar og truer i samband med bålbrenning veit eg ikkje noko om.

## Skikken i dag.

Kva folk eigentleg meiner om bålbrenninga i dag er ikkje

14100
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

så godt å eia. Syftisokbåll e det mest slutt med, men Jonsokbålet er det like stor opp-slutning om som før av borna og ungdomen, men det ser ût for at dei eldre har ikkje så stor innteresse som før. Men det ser ût for at det blir meir inte-resse for olsokbål.

At skikken med desse båla døyr ut trivllar eg ikkje på. Det er så inngrodd i folket at det kjem nok å halda seg. Men noko stor meining med bålbrenninga e det ingen som har no til dags. Det er heller det at dei vil koma saman på denne årstida og lika seg og ha det morosamt.

14100

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING